

Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

Desember 2020





Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik:

Astrid Askeland Johnsen

Soknerådsleiar Etne: Anne Jorunn Lindevik

Leiar i Etne kyrkjelege fellelsråd:

Reidar Leknes

Adresse: Enge 5, 5590 Etne

Telefon: 53 77 11 70

Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad

Kyrkjevevje

kyrkjevevja@etnekyrkja.no

96 01 68 64



Randi Frette

Kyrkjelydssekretær

sakshandsamar@etnekyrkja.no

53 77 11 75



Per Hjemdal

Sokneprest i Etne

soknepresten@etnekyrkja.no

41 12 65 49



Egil Larsen

Fung. sokneprest i Skånevik

spresten@etnekyrkja.no

99 24 18 70



Elisabeth Vae Haaland

Kyrkjelydspeagog

tru@etnekyrkja.no

90 06 27 28



Bjørn Stødle

Kyrkjegardsarbeidar

kga@etnekyrkja.no

91 19 99 60



Solveig Sørheim

Organist

organist@etnekyrkja.no

40 28 68 71

Gudstenester i jula



I desse koronatider har det vore ei nøtt å finna ut av kva vi skal gjere med gudstenestene no i jula. Julaftan er utan tvil den gjævaste gudstenesta både å halda og å komma på

(forhåpentlegvis), og difor noko vi nødig avlyser. Men det har vi gjort. Det blir ikkje gudsteneste på julaftan i år.

Slik det heller ikkje har vore det meste av adventstida. Med ei grense på 20, har vi berre gjennomført dåpsgudstenester, med avgrensa tal på gjestar.

Fordi vi likevel har lyst til å vere til stades, med verdas beste bodskap om Guds kjærleik som gåve til alle menneske, har vi laga adventskalender. Den har blitt tatt godt imot, og vi håper den har vore både til glede og ettertanke for mange. DEN SISTE LUKA i kalenderen blir sjølvstakt opna den 24. om morgonen, og songen den dagen er ein favoritt for mange.

Men så kjem det altså enda ei luke til: Julaftan kl. 1630 blir du invitert med i Etne kyrkje for å sjå kyrkja i Etne og Skånevik sin julaftansgudsteneste. Lokale kreftar bidreg med song og lesing, organist Solveig speler, og begge prestane er med. Vi sender live, så ein kan følgje med på kor mange sambygdingar som deler opplevinga. Vel møtt på Facebook og Youtube – søk opp "kyrkja i Etne og Skånevik".

1. juledag pleier å være rolegare enn julaftan kva gjeld talet på folk som går i kyrkje. Dermed vil vi feira høgtidsgudsteneste både i Skånevik og Etne kyrkja. Talet på deltakarar er 50, men verken prest eller organist har noko imot å feira gudstenesta om igjen, dersom mange nok vil komme.

På juledagsgudstenesta gjeld sjølvstakt den vanlege regelen: 2 meter avstand mellom kvar kohort, for at vi saman skal kunne juble i song over jula sitt mysterium.

Sjå etne.kyrkja.no eller ring 960 16 864 for påmelding. Vel møtt 1. juledag!

Juletanker

«Vær ikkje reddel! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket. I dag er det født dykk ein Frelsar i Davids by, han er Messias Herren. Og det skal de ha som teikn. De skal finne eit barn som sveipt og ligg i ei krybbe. Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen, dei lova Gud og sang : Ære være Gud i det høgste, og fred på jorda, blant menneske som Gud har glede i!»

Desse orda er hjartet i juleevangeliet, og blir lest over heile verda, kvar einaste jul. Sjølv har eg vore engelen Gabriel i julevandring for barnehagar i Stord kyrkje i mange år. Eg har sagt desse orda som ei helsing til barna som er med i julespelet. Og barna har blitt med i englekoret og me har sunge saman og vandra mot «Betlehem». Historia er som skapt for spel og innleving og talar til barn og vaksne. Ein frelsar er født og me minnest hans fødsel. Det er jula i eit notteskal.

Året me snart skal legge bak oss har vore prega av koronaens herjing verda over og me har kanskje alle gått med frykt for å bli smitta? Etter som det har nærma seg jul har mange og vore bekymra for korleis jula dette året vil bli? Kan familien samlast og jula bli normal? Mange spørsmål har vore reist og ting har vore problematisert. Men det blir jul. Uansett korleis den blir så er det godt å ta fram juleevangeliets håpefulle budskap. Den er så avgjort mykje meir enn ein vakker historie og romantiske kulisser. Den talar til oss alle, ung som gamal. Verdas frelsar er vår frelsar! Hans år og liv på jorda talar til oss at vi har en Gud og skaper som ser og bryr seg. Ingen er overlatt til seg sjølv.

Men kvifor måtte han koma på den måten? Foreldra var tvungen ut på reise, dei måtte skrive seg inn i manntal. Ikkje var det plass til dei i herberget, og dei måtte ta til takke med ein stall. Her blei kongen over alle

kongar født! Ingen såg ut til å bry seg nemneverdig om det store som var i ferd med å skje, berre nokre gjetarar. Ting virka skjørt og sårbart. Men om fødselen var kummerleg og kanskje ingen konge verdig, så var Gud til stede og nær. Slik kom Guds Son til jorda. Slik viser han ei heil verd at han kjem både til liten og stor, den rike og den fattige.

La juleevangeliet denne jula få synke ned i livet ditt og gje den fred som englane sang om.

Med ønske om ei God og Velsigna Jul til alle!

Egil Larsen, fung. sokneprest



Diakoniarbeidet i Etne sokn

Endeleg har Etne fått utarbeidd sin eigen diakoniplan, eit resultat av Kyrkjemøtet sitt vedtak om diakoni i kyrkja i 2007. Dette skal vera ein arbeidsreiskap der me ut frå dei ressursane me har, skal prøva å femna litt av det mangfaldet som diakoni inneber. Den norske kyrkja definerer diakoni som kyrkja si omsorgsteneste. Og denne omsorga er tenkt uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd. Hå oss her i Etne vil me i diakoniutvalet prøva å bidra på ulike område som kan vera til glede, hjelp og oppmuntring for folk her i bygda. Me vil også prøva å løfta blikket litt vidare, og prøva å finna konkrete måtar der me alle kan bidra til å hjelpa folk som ikkje har det så bra som me. Me har ikkje tilsett diakon i Etne, så dette arbeidet er basert på dugnad og frivillig arbeid, med dei avgrensingar det inneber.

Blomehelsingar

Som dei fleste kjenner til, så har diakoniutvalet tradisjon for å besøkja dei eldre i bygda som feirar runde årsmålsdagar. Frå du er 80



år, og vidare kvart femte år får du besøk frå ein av oss. Dei fleste tykkjer det er kjekt å få besøk, kjekt med blomehelsing på den store dagen og kjekt å slå av ein prat om laust og fast. Nokre tykkjer nok og at det er litt rart at kyrkja kjem og bankar på døra og deler ut ein blom. Kanskje er det det, men meininga vårt er berre å spre litt glede og visa omtanke på ein stor dag, og det viser det seg at dei aller fleste set pris på. I desse tider kan me ikkje koma på besøk av smittevernomsyn, men blommar kjem på døra likevel.

Eldrefest

I mange år har det vore arrangert eldrefest i regi av diakoniutvalet. I vår var festen fiks ferdig planlagd då koronapandemien sette ein stoppar for oss. Me hadde tenkt å arrangera festen på torget på omsorgssenteret slik at alle som bur der, og kunne få høve til å vera med. Festen skulle vera open for alle eldre som hadde lyst på ei koseleg stund med god mat, lysbilde, drøs og ein andakt ved Harald Grønnevik. Me prøver igjen når tidene blir betre.

Strikkekafé

Så hadde me lyst å finna på noko sosialt og kjekt på kyrkjetorget. Ein plass der ein kunne koma saman og drøsa ilag, og kosa seg med litt kaffi og mat. Ein plass å møtast for å styrkja det sosiale nettverket vårt. Det var då tanken om strikkekafé kom opp. Strikkekafé har me hatt nokre gonger allereie. Det har vore koseleg. Drøset går, strikkepinnane klirrar og koselege små stubbar og forteljingar har blitt delt. Nokre strikkar på eigne arbeid, men så har det og blitt eit prosjekt å stikka lappar av restegarn som skal bli varme tepper til nyfødde babyar i Nepal. Me oppfordrar også til å laga små luer eller babysokkar som enten kan sendast til nyfødtafdelinga ved sjukehuset i Haugesund, eller bli med på tu-



*God drøs og godt arbeid når mange samlast til strikke-
kafé på Kyrkjetoget.*

ren til Nepal. Koronapandemien har dess-
verre sett stoppar for mange av kveldane
våre. Nå håper me på betre tider i 2021, slik
at me igjen kan møtast ein gong i månaden
på kyrkjetoget. Håper mange får lyst å bli
med.

Hjelp i sorg og kriser

Diakoniutvalet planlegg å arrangera tema-
kveldar vår og haust med ulike diakonale

fokus. Den fyrste håper me å kunna gjen-
nomføra 2.februar 2021. Då skal Bjørg
Klungland reflektera rundt temaet: «Kva er
sorg, og kva gjer den med oss?» Bjørg er nå
pensjonist, men har lang erfaring som spesi-
alsjukepleiar innan psykisk helse i Etne kom-
mune. Det blir ein kveld som vil vera nyttig
for alle, for sorg er noko ingen av oss slepp
unna. Me skal og ha litt å bita i og kosa oss
ilag. Så set av denne kvelden i Etne kyrkje.
Vidare arbeider me med å få til eit samarbeid
med andre kyrkjelydar om å kunna tilby
sorggrupper for menneske i sorg og kriser.
Dette er fortsett berre på planleggingsstadi-
et. Mange av oss i diakoniutvalet har sjølv
stått med begge beina oppi alvorlege kriser i
livet. Me veit at å ha eit nettverk rundt seg i
ein slik situasjon, er av avgjerande betydning
for å koma seg gjennom dagane, og vidare i
livet. Så veit me og at det av ulike grunnar
ikkje er alle som har like stort nettverk. Me
har derfor laga ei liste med namn som i slike
situasjonar vil kunna kontaktast for å yta
praktisk og medmenneskeleg hjelp. Me vil
vera tilgjengelege for folk som skulle trengja



Marie Ljusnes og Bjørg Klungland i djup konsentrasjon..

Romjulsrebus

ei handsrekning, eller berre ei hand å halda i. Soknepresten kan formidla behov vidare til oss.

Hausttakkefest og Helgemesse

Dette er to spesielle søndagar om hausten der diakoniutvalet ynskjer å bidra. Me vil vera med å takka for haustens grøde ved å pynta kyrkja med grønsaker og frukt på hausttakkefesten, og koka betasuppe til kyrkjekaffien etterpå. På helgemessesøndagen ynskjer me å laga til ein god kyrkjekaffi der me håper at folk stopper igjen og tar seg tid til å slå av ein prat på denne spesielle minnedagen.

Diakoni i kvardagen

Diakoni er ikkje berre organisert arbeid. Det er og alt det gode me alle kan gjera for kvarandre i kvardagen. Og i desse tider er det ekstra viktig at me alle tenker ekstra på det. Det er så viktig at me bryr oss om kvarandre på ein heilt spesiell måte nå når mange blir sitjande mykje aleine. Det er ikkje alltid så mykje som skal til. Ein telefon, ein blomst, ein kakeboks, eit smil. Del ut med raus hand, og la oss kappast i å gle kvarandre denne jula.

EI VELSIGNA GOD JUL
TIL DOKKE ALLE
og ynskje om eit godt og trygt nytt år!

Frå oss i diakoniutvalet
Kåre Grønstad, Alf Østrem, Margunn Sandvik,
Reidun Vae Holmen, Bjørg Klungland,
Hassi Ljusnes, Reidun Solberg Sande

Reidun Solberg Sande



I det vi feirar ei annleis jul med færre gjestar og mindre selskap, kan trongen for å komme seg ut og gjere noko, bli større. Kanskje må ein utandørs for å treffe venner, eller lufte familien, eller seg sjølv og sin betre halvdel?

For å gje praktisk hjelp med noko konkret å gjere, har Etne og Skånevik kyrkjelydar laga til ei lita "julevandring for alle" med oppgaver av ulik karakter. Kyrkjevevje Aud Jorunn har laga oppgåvene, og ho lover at det er noko for ein kvar, både born og vaksne!

Denne julerebusen blir opna 1. juledag, og alle er velkommen til å gå han! I ETNE er det start og post 1 ved Etne kyrkje og julekrubba der. Så går vegen rundt om planteskulen, med oppgaver langs vegen, godt synleg og godt merka. I SKÅNEVIK går turen langs Kjærlighetsstien, med start ved grusbennen.

Ein kan bruke mobilen til å svare, eller notere svara på eit ark og sende dei på epost til kyrkjevevja@etnekyrkja.no.

Så dermed er du invitert til å ta deg ein tur ut i romjula og lufte hovudet, medan du får sett allmennkunnskapen litt på prøve!

Julekrybba i Etne

Det var trusopplærar Elisabeth som kom på idéen om å lage ei stor julekrubbe utanfor kyrkja. Etnemarknaden hadde fått ein glasbod av Etne sparebank, og den fekk vi låne – ver så god!

Josef og Maria kom på plass, og Jesusbarnet – men enno er han i Marias mage! Så treng vi ein engel som både kan vake over barnet og foreldra hans, og samtidig gje beskjed til gjetarane på marka! Dei fine kleda dei ber, pryda ein gong stolte etnebuar i sogespelet. Dei fekk vi henta i den gamle arresten i kjellaren til sparebanken.

Men dyr – kor finn vi det? Felleskjøpet stilte velvillig opp, og lånte oss ein kalv og ein

hund og ein katt. Verken hund eller katt er dei vanlegaste dyra i julekrubbene, men sidan dei begge har vore temte i mange tusen år, kan det nok godt ha skjedd at Josef hadde hunden sin med seg. Mang ein katt har iallfall levd godt av musejakt i fjøs og stall opp gjennom.

Vi har sjølvsagt ein sau også! Litt halm gøymmer meiane, for det er eigentleg Johanna Sofie sin gyngesau. Takk for lånet!

Slik er julekrubba blitt eit lite utstillingsvindauge for juleevangeliet, som nok ein gong fortel om underet at Gud blei menneske.

Velkomen til ein kikk!



Kyrkjeleg julekalender - i koronaens tid



Normalt skulle kyrkja og soknepresten i Etne hatt ei relativt tradisjonell og travel førjulstid no i november og desember. Førebuing og gjennomføring av skulegudstenester og andre kjente og kjære aktivitetar sto for døra. Men slik blei det ikkje denne hausten. Alle desse arenaene der menneskje kjem saman og dyrkar både tru og samvære, er som reven bort under beina på oss dette året. Koronaen kom, vart verande, og blomstrar og gror, og har meir eller mindre konsekvensar på så mange slags vis. Og når dei organiserte fellesskapa blir borte, så sit me attende på kvar våre tuer og må ta i bruk erstatningar.

Slik er det og for kyrkja og deira medarbeidarar. Som så mange andre har dei måtta ta i bruk m.a. digitale løysningar. Jau då, det òg

gir jo verdi på sin måte. Men det er no ikkje heilt det same som det å koma saman, ikkje minst for den som er prest og vant med, og sjølvsagt; trivest best med å få formidle bodskapet direkte i form av både monolog og dialog. Men akkurat no er det vel den digitale verden som løyser mange av utfordringane for oss i mange samanhengar.

Heldigvis har me ein stor og rik songskatt å ta av, og mykje av julebodskapen finn me og i julesongane. Songar som betyr både mangt og mykje for oss menneskje, som med våre einskilde liv nok legg ulik vekt og tolking i både tekster om melodiar.

Og nå kjem me til det som er hovudsaka i desse skribleriene – nemleg songen og musikken, som er ein så vesentleg og stor del av både advent- og juletid.

I år mister me julekonsertar og anna, ja til og med gudstenestene på julaftan. Dei som samlar folk i kyrkjene så det nesten renner over. For den kvelden stuer me oss saman og syng med. Alt er kjent og kjær. Og heldigvis - me kan synga med dei stemmene me har.

Som nemnt; alle desse begrensingane betyr jo ei valdsom innskrenking også for kyrkja. Og som det er for folk flest, er «Per prest,» som han gjerne blir omtalt i daglegtale, ramma av koronaens innskrenkingar og krav til smitteverntiltak.

Ramma, ja – men ikkje i nærleiken av å vera lamma. Som dei fleste veit, så har Per eit sterkt og brennande engasjement. Han har mykje som skal formidlast, og denne flammen skal ikkje ein pandemi få lov til å sløkka. «Posten skal fram,» er eit kjent slagord. For Per gjelder nok versjonen - «Bodskapen skal fram,» og då må ein finna farbar veg til heim og hus når koronaen tettar seg til omkring nåvane.

Så Per har, ikkje uventa, snudd seg rundt og tenkt nytt. Eit av påhitta hans blei å lage digital adventskalender. Sjølsagt ikkje av den sorten som har pappluker, og plastdingsar eller sjokoladeinnhald. Per byr jo på manna for sjela, og no for tida hovudsakeleg der du finn han nesten dagleg; på sosiale media.

Så med kamera og munnbind, eit medbrakt ljøs og litt sjokolade til kos, har han farta rundt i kommunen i den svarte forden sin (hui kor det går) og prata og drøst med folk. Desse pratane, eller drøsene, å drøsa er jo liksom meir avslappande og koseleg enn berre å prata, har vore nære og gode.

Spørsmålet dei utvalde har fått, er det same for alle som ein: «Kva julesong er det som betyr mest for deg, og kvifor?»

Dette har ført til spanande og gode samtaler der ulike menneskje deler sine tankar med oss i kalenderen.

For mange er dette knytt opp til minner frå

ein meir eller mindre fjern barndom, mens andre igjen har nyare ting dei deler. Nokon smiler lunt, mens andre blir meir fjerne i blikket og glir langt attende i tid.

Jula betyr noko for dei aller fleste av oss. For enkelte er det ei god tid, for andre er det ei tid som vekker vonde minner, eller det er også vondt å vere der no når det nærmar seg.

Vonleg er denne julekalenderen noko som kan bidra til både trøyst og glede, i ei tid som er både annleis og spesiell for oss alle.

Julekalenderen finn du på facebook under «Kyrkja i Etne og Skånevik» frå 1 desember og t.o.m. julaftan. Viss du liker (og gjerne deler) sida, så får du med deg alle oppdateringar.

Annankvar dag frå 2 desember (på partalsdag), møter du eit menneskje som fortel om sitt songval, etterfølgt av ei framføring av den utvalde songen – sjølsagt framført av lokale artistar. Og her kan du synga med av hjartans lyst.

På dei resterande dagane (oddetalsdagar) kjem det ulike quiz, sjølsagt med premiar.

Og til slutt – julegudsteneste blir det og. Sjølsagt digital – så sant det ikkje skjer eit under.

God adventstid til dykk alle.



Geir Molland

Finn 8 feil

Altartavla i Gjerde kyrkje er svært gamal. På baksida er det rissa inn fleire årstal får 1600-talet. Maleria er av noko nyare dato, då det står malt nedst:

«DEN WELAGTE DANE-MAND ERICK TOLEFSEN NOREIM MED SIN KIÆRE HVSTRV MARGRETE LARSDATER IILE [eller HLE] HAVER BEKOSTET DENE ALTER TAVLES MALNING TIL GVDS ÆRE OG KIRKENS PRVDELSE ANNO 1769 DEN 24 SEP-TEMBER. Johan Wingaard malet".»



Tredelte altartavler som den i Gjerde kyrkje blir kalla «triptyker». Det tyder rett og slett «tredel».

Altartavla har 4 ulike motiv: Vengjene har framstillingar av Jesu omskjering til venstre og Jesu dåp til høgre. I midtfeltet er nattverden, i toppfeltet er krossfestinga. Øvst ser du altartavla slik den står i kyrkja.

Nedst har me tatt vekk 8 element. Kan du finna dei?

Fasit på side 14

Julepuslerier

Kryssord

			1											
		2												
3														
			4											
5														
	6													
		7												
			8											
9														
10														

1 Kven blei fødd på julaften for ein del år tilbake?

2 Kva pyntar mange i desember?

3 I kva slags hus blei Jesus fødd?

4 Kven sang for hyrdane?

5 Vismennene hadde med seg gåver.
Gull, myrra og ?

6 Kva heit kongen då Jesus blei fødd?

7 I kva slags seng låg Jesus?

8 I kva by blei Jesus fødd?

9 Kor var det ikkje plass til Josef og Maria?

10 Kva viste vegen til Betlehem?

Fasit på side 14

Ordmylder

Kan du finna dei 14 orda som gøymmer seg her?

KAKE
HJARTE
GRAUT
MANDEL
GRANTRE
SANG
ENGEL

JUL
LYS
GLØGG
STJERNE
GRIS
GAVE
NISSE

L	M	J	U	L	F	R	G	E	Ø
K	A	K	E	Y	H	T	L	F	T
V	L	T	R	S	A	M	Ø	V	N
G	E	S	T	U	A	R	G	M	G
Å	N	E	D	K	E	N	G	E	I
E	R	T	N	A	R	G	N	P	E
J	E	R	K	N	G	L	A	O	D
H	J	A	R	T	E	S	S	I	N
S	T	V	A	N	G	Å	V	E	A
R	S	I	R	G	E	S	S	R	M


Fasit på side 15

Takk til våre annonsører!



Ønsker din bedrift å teikna
annonseavtale i Kyrkjeposten?
Ta kontakt med kyrkjekontoret!

Gudstenestekalender



24. des.	16.30	På nett	Julaftan	Larsen og Hjemdal
25. des.	11.00	Skånevik	Høgtidsgudsteneste	Egil Larsen
	12.00	Etne	Høgtidsgudsteneste	Per Hjemdal
27. des.	11.00	Etne	Høgmesse	Svein Arne Theodorsen
31. des.	17.00	Skånevik	Nyttårs gudsteneste	Egil Larsen
01. jan.	12.00	Etne	Høgtidsgudsteneste	Harald Grønnevik
03. jan.	11.00	Etne	Høgmesse	Per Hjemdal
10. jan.	11.00	Etne	Høgmesse	Per Hjemdal
17. jan.	11.00	Frette	Høgmesse	Egil Larsen
	17.00	Skånevik	Høgmesse	Egil Larsen
24. jan.	11.00	Gjerde	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
31. jan.	11.00	Skånevik	Høgmesse	Egil Larsen
07. feb.	11.00	Etne	Høgmesse	Per Hjemdal
14. feb.	11.00	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
	11.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Egil Larsen
21. feb.	11.00	Etne	Høgmesse	Egil Larsen
	17.00	Fjæra	Høgmesse	Egil Larsen
28. feb.	11.00	Skånevik	Høgmesse	Per Hjemdal
07. mars	11.00	Stødle	Høgmesse	Egil Larsen
14. mars	11.00	Etne	Høgmesse	Per Hjemdal
	17.00	Skånevik	Høgmesse	Per Hjemdal
21. mars	11.00	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
28. mars	11.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Egil Larsen

Gudstenestelista slik den er planlagt.


Smittevern kan gi endringer i gjennomføringa.

Følg med i Grannar, på kyrkja si nettside og på facebook for nærare informasjon.

ETNE

06.12 - Hermine Storli Høyland

08.12 - Anita Kvarme



M					G	R	I	S	
V	E	V	V	G				T	
N	I	S	S	E	T	R	A	J	H
D		A						E	
E		N	G	R	A	N	T	R	E
L	E	G	N	E				N	
		G	R	A	U	T		E	
		Ø			S				
		L			V	E	K	A	K
		G			L	U	J		

Kyrkjeposten treng di støtte

Etne og Skånevik kyrkjelyder
seier takk for alle gaver!

Kontonummer: 3543.13.03246

Vipps: 112914, merk med «Kyrkjeposten»



Opningstider

Onsdag og fredag 11-16, laurdag 11-15

**Velkomen innom for ein god
handel!**

Livets gang

SKÅNEVIK

Døpte:

20.09 - Cornelia Winterthun

20.09 - Sigrid Eriksen Aga

Vigde:

24.10 - Marlene Ness Lye og

Lars Anders Molnes

Gravlagde:

11.12 - August Brinkman Hjelmervik

Eit juleminne

Den første tenesta mi var på Osterøy, frå 1975 til 80. Særleg hadde eg ansvar for dei to kyrkjene på nordsida, mot Osterfjorden.

Julafta var det først gudsteneste i Hosanger der eg budde, før eg reiste til Hamre som låg 2 ½ mil lenger ute i fjorden. I Hosanger kyrkje kledde eg meg opp i den svarte kjolen, samarien med pipekrage, og sidan tida var knapp og programmet tett, heldt eg meg i prestestasen resten av dagen, heile vegen til eg kom heim att til prestegarden.

Nokre år var det kaldt vinterver med snø og glatte vegar. Smale og svingete var dei og. Eg syntest ikkje det ville ta seg ut å kollidera i det utstyret, sette bilen heime og fekk skyss med skøyta til naboen Jon Hoshovde.

Eg minnest særleg heimturen innerter Osterfjorden ei julafta. Bileta frå den vakre Hamrekyrkja frå 1620, full av folk og julelyd, fylde framleis minnet.

Det var kaldt og stilt og eg sto aleine på dekk under stjernene.

Utanom skipslanternene var det mørkt på fjorden. Skøytemotoren dunka oss heimover med den lyden berre slike har. Uhindra av anna lys skein og blenkte stjernehimlen over meg. Juletider har stjerna sin eigen glans og bodskap.

Men eg såg ikkje Betlehemsstjerna over Osterfjorden. Og det er heilt som det skal vera, tenkte eg. Beint fram oppbyggeleg. For stjernevrimmelens vrimmel preika betre enn eg hadde gjort i Hamrekyrkja.

Dei sa: Han me søker i kveld, er å finna alle stader på jorda, i like mange bygder og byar som stjernene over meg.

Me treng ikkje ei spesiell stjerne, og det er ikkje nødvendig å fara til Betlehem. Han kjem til oss i vår kyrkje og i vår stove.

Og eg tenkte kanskje, sjølv om eg ikkje er heilt sikker, på verset frå favorittjulesalmen min:

Ha takk, som treder
til armods hytter ned!
Ha takk, som gleder
oss med din søte fred!
Kom inn, o Kriste,
tenn lys i hvermanns gård!
La isen briste,
gi varme snart og vår,
la ingen miste
hva godt din fødsel spår!

Harald Grønnevik

